

085/16: Framlegg til regional planstrategi for 2016 – 2020 – utviklingsplan for Hordaland-Høyringssutale

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune viser til saksutgreiinga og ber om at regional planstrategi 2016 – 2020 - Utviklingsplan for Hordaland – også tek med i planstrategien at det skal vera attraktivt å bu, arbeida og leva i alle delar av Hordaland.

Vidare ber Austrheim kommune om at det vert definert langsiktige strategiar i plandokumentet for å ta klimaomsyn og redusera avstandsulemper for innbyggjarar som bur i utkanten av Hordaland, og i område som grensar opp mot kystkommunane nord i fylket vårt og i nabofylket Sogn- og Fjordane.

15.09.2016 KOMMUNESTYRET

Rådmann sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KS - 085/16 - 15.09.2016 - Vedtak:

Austrheim kommune viser til saksutgreiinga og ber om at regional planstrategi 2016 – 2020 - Utviklingsplan for Hordaland – også tek med i planstrategien at det skal vera attraktivt å bu, arbeida og leva i alle delar av Hordaland.

Vidare ber Austrheim kommune om at det vert definert langsiktige strategiar i plandokumentet for å ta klimaomsyn og redusera avstandsulemper for innbyggjarar som bur i utkanten av Hordaland, og i område som grensar opp mot kystkommunane nord i fylket vårt og i nabofylket Sogn- og Fjordane.
